

**Fra:** Olav Ingard Fjeldstad <olavingard@gmail.com>  
**Sendt:** 13. juni 2017 20:16  
**Til:** KR-Postmottak  
**Emne:** Høring: Forslag til nye regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet

Foldnes sokneråd vil kome med fylgjande innspel:

## 2.1

Vi ynskjer primert indirekte val til bispedømmeråd. Sekundert eit kombinasjonsval.  
**Alternativ 3.** Det gjev større nærleik mellom sokneråd og bispedømmeråd. Då er det samanheng mellom det lokale, regionale og sentrale.

## 2.2

Vi ynskjer å vidareføre dagens ordning med nominasjonskomite og muligheit til å stille alternative lister om ein ikkje finn personer ein kan støtte på nominasjonskomiteen si liste.  
**Alternativ 1**

## 2.4.2

Personvalordning.

Vi ynskjer ei sperregrense, slik at det ikkje vert endring om det berre er eit fåtall som ynskjer det.

Men grensa bør ikkje vera for høg. **Alternativ 2.**

## 2.4.3

Førehandskumulering.

Vi ynskjer ikkje at lister vert førehandskumulert. Det gjev nominasjonskomiteen for stor innflytelse.

## 3.2

Det bør gjerast enklare å overføra medlemskapet frå soknet ein bur i til kyrkjelyden ein er aktiv i.

## 4.5

Valet bør foregå i kyrkja sine lokaler for å markere at det gjeld styringa av eit trussamfunn som er uavhengig av staten.

Det kan og for å mobilisere interesse rundt kyrkja. Vi ynskjer altså ei endring av § 3-1.

Dagens ordning indikerer samanblanding med offentlig styring.

mvh  
Olav I Fjeldstad  
for  
Foldnes Sokneråd.